

Tilleggsinnkalling
av
Kommunestyret

Møtedato: 24.06.2019
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 09:00 - 15:30

Det vert generalforsamling i Einekavane AS i starten av møtet.

Revisjonssjef Janne Eraker kjem kl 9 og orienterer kommunestyret om samanslåing av kommunal revisjon

Eventuelle forfall må meldast til Anne Kristin Rafoss per tlf. 56166291, sms til 90898072 eller per epost til anne.kristin.rafoss@masfjorden.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Saksliste:

- 041/2019 Referatsak
- 8 SV: Endring av NGIR sin selskapsavtale
- 042/2019 lærlingar – samarbeidsavtale og rammetal for tal lærlingar pr. år i Masfjorden kommune
- 043/2019 Rammer for årsbudsjett 2020 & økonomiplan for 2020 – 2023

24. juni 2019

Karstein Totland
møteleiar

Anne Kristin Rafoss
sekretær

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Anne Kristin Rafoss		19/431

Saknr	Utval	Type	Dato
041/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Referatsak

1. Samarbeid om nytt symjeanlegg i Gulen
2. Søknad om ekstraløyving til å dekkja kostnader for innleige av barne- og ungdomsarbeidarar i 2019 og åra framover
3. Budsjettbrev 2019
4. Innkalling til årsmøte i representantskapet i NGIR 27.05.19
5. Protokoll Regionråd 4-2019, fredag 7 . juni
6. Protokoll frå Representantskap 1-2019 Region Nordhordland Helsehus IKS, 7. juni
7. Protokoll frå Representantskap 1-2019 Nordhordland Utviklingsselskap IKS, 7. juni.
8. SV: Endring av NGIR sin selskapsavtale

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering

Saksopplysningar:



Til NGIR sine eigarkommunar:

Austrheim kommune

Fedje kommune

Gulen kommune

Lindås kommune

Masfjorden kommune

Meland kommune

Modalen kommune

Radøy kommune

Solund kommune

Kjevikdalen, 06.05.19

Endring av NGIR sin selskapsavtale

Eg viser til tidlegare brev om saka, dagsett 04.03.19.

I det utsendte framlegget til endring av NGIR sin selskapsavtale var det m.a. føreslege at låneramma til selskapet skulle verta auka frå 40 millionar kroner til 80 millionar kroner (§ 24 i selskapsavtalen). Det var, i samsvar med IKS-lova, lagt opp til at eigarkommunane (og ikkje representantskapet i NGIR) skulle gjera vedtak om dette.

I § 33 i NGIR sin selskapsavtale er det lista opp kva paragrafar NGIR sitt representantskap kan endra med 2/3 fleirtal, og kva paragrafar som berre kan endrast etter godkjenning frå alle medlemskommunane. I denne opplistinga har diverre ikkje § 24 (Låneopptak) vore med. Dette er det no ynskjeleg å korrigera.

NGIR ber dei kommunane som enno ikkje har handsama saka om endring av NGIR sin selskapsavtale om å nytta vedlagde, korrigererte dokument i den vidare sakshandsaminga.

For dei kommunane som allereie har handsama saka, vil NGIR be om aksept for at korrigeringa vert ført inn i gjeldande selskapsavtale frå 01.01.2020. Alternativet er at kommunestyret gjer nytt vedtak i saka.

NGIR seier seg lei for dei ulempene som dette evt. fører med seg for sakshandsaminga. Samstundes vil NGIR takka for vakent innspel om feilen, slik at selskapsavtalen no kan verta korrigert.

Viss det er ynskje om ytterlegare informasjon, ta gjerne kontakt med underteikna på hilde.lyso@ngir.no.

Med venleg helsing



Hilde Lysø
Seniorrådgjevar

Vedlegg: *Framlegg til endringar i NGIR sin selskapsavtale*
 Framlegg til revidert selskapsavtale for NGIR, gjeldande frå 01.01.2020
 Gjeldande selskapsavtale for NGIR, revidert av representantskapet 29.10.18
 Utdrag frå «Kommentarer til bestemmelsene i lov om interkommunale selskaper – Låneramme»

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA-A56	19/403

Saknr	Utval	Type	Dato
008/2019	Administrasjonsutvalet	PS	17.06.2019
042/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

lærlingar – samarbeidsavtale og rammetal for tal lærlingar pr. år i Masfjorden kommune

Journalposttittel

Samarbeidsavtale 2019

Dato

08.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane vart i samband med regionrådsmøte 10.5.2019 oppfordra til å inngå samarbeidsavtale med dei lokale vidaregåande skulane. Denne avtalen skal styrkja samarbeidet mellom lokalt næringsliv, kommunar og vidaregåande skular i Nordhordland i arbeidet med å rekruttere til yrkesfagleg opplæring, samt å auka talet på lærebedrifter i regionen. Føremålet med avtalen er å stimulere til samarbeid om fleire læreplassar innan fag- og yrkesopplæringa gjennom å:

- letta overgangen frå skule til læreplass for elevane
- auka rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa i regionen

Uttale frå Ressursgruppa til Nordhordland Næringslag v/Vivian Kårbø

Sak om læreplassar i kommunane i Regionrådet i 10. mai

Vi veit at kompetansebehova i kommunesektoren er størst og aukande innan pleie og omsorg med behov for både helsefagarbeidarar og sjukepleiarar. Ifølgje rapporten *Kompetanse og utdanning i Nordhordland* får Nordhordland eit **behov for 443 fleire helsefagarbeidarårsverk i 2035 samanlikna med i 2010**, og det **vil vera behov for 21-27 nye helsefagarbeiderstillingar i året**. Samstundes konkluderer rapporten med at det i dag vert utdanna for få helsefagarbeidarar for å kunne dekke dette behovet. Rapporten peikar også på at nokre av kommunane i Nordhordland allereie i dag har problem med å rekruttere helsefagarbeidarar (Rusten, Eriksen og Grimsrud 2019: 115-118).

Rekruttering av arbeidskraft er eit viktig argument for å ta lærlingar. Kommunen vil spare HR-ressurser. I helse – og oppvekstfag, og då særleg i helsefag er det berre kommunane som kan hjelpe lokal ungdom til å få fullført utdanninga si.

- Korleis skal vi klare å rekruttere nok helsefagarbeidarar i regionen?
- I mange bedrifter i næringslivet er ca. 10% av arbeidsstokken lærlingar. Rekruttering av lærlingar startar ved at ein har elevar ute i praksis. Ønsker kommunane å gjera dette? Og korleis kan dei gjera det?
- Stiller kommunane i Nordhordland krav om lærlingar til underleverandørar av tenester til kommunane?

Fakta

Gjeldande vedtak i Masfjorden kommune er at ein tek inn minimum 3 lærlingar. Pr. dato har kommunen 7 læringeplassar og 2 TAF plassar

Vurdering

Masfjorden kommune har stort sett teke inn fleire enn 3 lærlingar pr. år, men ein tilrår å halde fast på måлтаlet om minimum 3 årlege lærlingar, og held fram med å ta inn så mange lærlingar som ein maktar å følgje opp. Opptak av lærlingar er viktig med tanke på framtid bemanningssituasjon. Samarbeidsavtale vert inngått

Konklusjon

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

Administrasjonsutvalet - 008/2019

AU - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

AU - vedtak:

Masfjorden kommune inngår formell samarbeidsavtale om lærlingar, men held fast på måltal om minimum 3 lærling plassar årleg

SAMARBEIDSAVTALE

mellom
og Austrheim, Knarvik og Osterøy vidaregåande skular

Denne avtalen skal styrkja samarbeidet mellom lokalt næringsliv, kommunar og vidaregåande skular i Nordhordland i arbeidet med å rekruttera til yrkesfagleg opplæring, samt å auka talet på lærebedrifter i regionen. Føremålet med avtalen er å stimulere til samarbeid om fleire læreplassar innan fag- og yrkesopplæringa gjennom å:

- letta overgangen frå skule til læreplass for elevane
- auka rekrutteringa til fag- og yrkesopplæringa i regionen

Arena for oppfølging av avtalen er Kompetanseforum Nord, leia av Nordhordland Næringslag, der dei vidaregåande skulane, Regionrådet og representantar frå næringsliv, NAV og Hordaland fylke deltek.

Avtalepartane gir læreplass til søkjarar innan fagområda elektrofag, helse- og oppvekstfag, bygg- og anleggsgfag, service- og samferdsel og teknikk- og industriellproduksjon som:

- har gjennomført og bestått alle faga
- har lågt fråvær
- har karakteren God i Orden og Åtferd
- har gjennomført delar av yrkesfagleg fordjuping i bedrift/kommune
- viser motivasjon og interesse for lærefaget ved intervju mot slutten av Vg2

Skulane gir opplæring i samsvar med læreplanane i faga, gjennomfører opplæring i yrkesfagleg fordjuping (YFF), organiserer og følgjer opp utplasserte elevar, og driv aktivt arbeid for å skaffa læreplassar til elevane.

Avtalen gjeld for eitt år om gangen og vert automatisk fornya 31.12. Dersom det skulle oppstå uføresette forhold for partane, kan avtalen seiast opp med umiddelbar verknad. Melding om eventuelle endringar kan sendast til Nordhordland Næringslag på e-post: post@nonl.no

Vi /bedrifta kan ta inn lærlingar i følgjande fag:

Lærefag	Tal lærlingar	Merknad

Stad: _____ den / -

Bedrift / kommune

Frøde Henrik

Austrheim vgs.
rektor

Kari E. Bruvik

Knarvik vgs.
rektor

Magne Espeland

Osterøy vgs.
rektor

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen		19/442

Saknr	Utval	Type	Dato
043/2019	Kommunestyret	PS	24.06.2019

Rammer for årsbudsjett 2020 & økonomiplan for 2020 – 2023

Journalposttittel

revNB18

BU19-MAS

Budsjettprosess 2020

Dato

23.06.2019

23.06.2019

23.06.2019

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Driftsramme pr. rammeområde for 2020 budsjettet

BUDSJETTSKJEMA 1B	B 2020
01 Folkevalgte organ	2 500 000
02 Administrasjon	15 000 000
03 Barnehage	17 000 000
04 Skule	44 500 000
05 Helse	10 500 000
06 Sosial og barnevern	4 500 000
07 Pleie og omsorg	49 000 000
08 Kultur	6 500 000
09 Kyrkja	3 500 000
10 Teknisk	9 000 000
11 Andre tenesteområder	-8 800 000
Sum overført til 1A	153 200 000

2. Investeringsramme for 2020 og økonomiplan følger av saldert 2019 budsjett/kommunestyresak 11/2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I tråd med gjeldande økonomireglement skal Kommunestyret i sitt juni møte vedta budsjettammer

for kommande års budsjett og økonomiplan.

Rammer og budsjett 2020 var tema under utvida leiarmøte 14.juni, samt budsjettprosess 2020 drøfta i formannskapet 17.juni. Legg opp til budsjettprosess slik at noverande kommunestyre ferdigstiller budsjett 2020 til siste møte i valperioden. Ferdig budsjett vert overlevert til det nye kommunestyre – med formell prosess og endeleg budsjettvedtak i desember

Budsjettprosess.

Dato	Tema	Ansvarleg
Juni	Rammesak budsjett/øk.plan Som byggjer på;	Rådmann
	<ul style="list-style-type: none"> • rekneskapen/årsmelding 2018 • 1. tertialrapport 2019 • Kommuneproposisjonen 2020 • Innspel frå driftseiningane 	
juni	Fastsetjing rammer til budsjett / ramme økonomiplan	Kommunestyret
juni	Orientering om fastsette rammer til budsjett overfor driftseiningane/HTV. inkl. orienteringsskriv til budsjettansvarlege om budsjettprosessen og ramme	Rådmannen
29.august	Dialogmøte mellom formannskap/leiarane i samband med budsjettsaka – knytt primært til 3 hovudtema;	Ordførar
	<ol style="list-style-type: none"> 1. skule og budsjettbalanse,rammevilkår 2. driftsmessige konsekvensar for helse, PLO og Nordbygda barnehage av at kommunen går inn i Fensfjordbygg – berre sjølvkjøp av deler av bygget innarbeidd i økonomiplan 3. teknisk – miljø og landbruk, organisering og budsjettbalanse 	
Innan 1.9.	Utarbeiding av budsjettframlegg med konsekvensvurdering av tildelt ramme	Driftseiningane
innan 6.september	Utarbeiding av samla budsjettframlegg i dialog med driftseiningane	Rådmann
september	Budsjetthandsaming	Formannskapet
15.oktober	Budsjettsaka 2020 klar til politisk handsaming	Rådmann
21/28.okt	Tilråding og vedtak av årsbudsjettet 2020 og økonomiplan 2020-2023	FS/Kommunestyret
november	Budsjetthandsaming Formannskapet's innstilling vert lagt ut til offentleg ettersyn	Formannskapet Innbyggerane m.fl.
1.x.12.	Endeleg vedtak av årsbudsjettet og økonomiplan	Kommunestyret

Budsjettet er offentleg etter at rådmann har lagt fram forslag til årsbudsjett, som skal skje innan den 15. oktober

Fakta

Kort oppsummert hovudkonsekvensar for år 2020 jf. kommuneproposisjonen kring

Inntektssystemet

- Ingen store endringer i inntektssystemet for kommunane i 2020
- Vidareføring av eingangstilskot, inndelingstilskot og regionsentertilskot i kommunereformen
- Inndelingstilskot i 2020 vil inneholde kompensasjon for bortfall av rammetilskot som følge av samanslåing (basistilskot og distriktstilskot)
- Kompensasjon for reduksjon i veksttilskotet (utslakta verknader)
- Distriktsindeksen blir uendra frå 2019 til 2020

Ut i frå signal i kommuneprp. Har KS utarbeida oppdatert prognosemodell pr. 4.6.2019, som inneber

MASFJORDEN	1266	PROGNOSE							
faste år 2019-prisar for årene 2020 - 2023		2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1000 kr									
Innbyggertilskudd (lukt beløp pr innb)		38 740	39 632	40 999	43 044	43 384	43 426	43 407	43 388
Utgiftsutjevning		27 030	30 342	29 779	31 317	31 446	31 460	31 454	31 448
Overgangsordning - INGAR		-98	-172	-124	-93	-	-	-	-
Saker særskilt ford (innd. helsestasjon skolehelse og aravg)		520	644	493	564	564	298	298	298
Småkommunetillegg		5 475	3 326	3 326	2 850	2 850	2 850	2 850	2 850
Budsjettvedtak Stortinget - saldering budsjett 2019					-91	-91	-91	-91	-91
RNB 2019 - endringer i rammetilskudd					16	16	16	16	16
Oppgaveoverføring og innlemming av øremerkede tilskudd						682	682	682	682
Endringer saldert budsjett 2014 - 2018		362	-144	50					
RNB 2012-2018, samt Dok8:135 S (2014-15) og Nysaldering 2018		-	98	33					
Sum rammetilsk uten inntektsutj		72 130	73 727	74 593	77 607	78 850	78 641	78 616	78 590
"Bykjetrekket"									
Netto inntektsutjevning		-3 757	-3 011	-1 900	-2 746	-2 757	-2 757	-2 757	-2 757
Sum rammetilskudd		68 373	70 716	72 693	74 861	76 093	75 884	75 859	75 833
Rammetilskudd - endring i %		9,8	3,4	2,8	3,0	1,6	-0,3	-0,0	-0,0
Skatt på formue og inntekt		54 093	54 844	55 228	56 316	56 547	56 547	56 547	56 547
Skatteinntekter - endring i %		4,0	1,39	0,70	1,97	0,41	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)		-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)		122 466	125 560	127 921	131 200	132 600	132 400	132 400	132 400
					(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)				
Sum - endring i %		7,2	2,5	1,9	2,6	1,1	-0,2	-	-
Ekstra skjønn bidelt av fylkesmannen		300	900	600	-	-	-	-	-

Ein vekst på 1,1% i høve 2019 (i faste 2019 prisar).

Vurdering

Kommuneprp. for 2020 legg til rette for at kommunesektoren samla sett vert sett i stand til å vidareføre dagens tenestetilbod. Kommuneprp. seier lite konkret om kvar enkelt kommune, slik at verknadene for den enkelte kommunen kan avvike ein del i høve gjennomsnittet. Registrerer at småkommunetilskotet går ned frå 2019, samt at våre forhåpningar om justert distriktsindeks som jf. høyringsnotat ville kunne resultert i ei årleg inntektsauke på 2,5 mill.kr. ikkje vert innført før 2021.

I rammesaka legg ein opp til at Masfjorden kommune kan vidareføre dagens drift vidare framover i økonomiplanperioden, med følgjande hovudtal (1A – budsjettskjema);

BUDSJETTSKJEMA 1A - DRIFT	
	Rammesak 2020
Skatt på inntekt og formue	45 600 000
Ordinært rammetilskudd	76 100 000
Skatt på eiendom	21 000 000
Andre direkte eller indirekte skatter	13 500 000
Andre generelle statstilskudd	3 500 000
Sum frie disponible inntekter	159 700 000
Renteinntekter og utbytte	1 700 000
Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg.	1 700 000
Avdrag på lån	6 500 000
Netto finansinnt./utg.	-6 500 000
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk	
Til ubundne avsetninger	2 500 000
Bruk av ubundne avsetninger	2 500 000
Netto avsetninger	0
Til fordeling drift	153 200 000
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	153 200 000
Mer/mindreforbruk	0

Samt 1B fordeling fordeling (jf. kolonne lengst til høyre).

BUDSJETTSKJEMA 1B - DRIFT RAMMEOMRÅDER					
	R 2016	R 2017	R 2018	B 2019	B 2020
01 Folkevalgte organ	2 330 651	2 396 101	2 286 200	2 155 038	2 500 000
02 Administrasjon	15 511 124	14 052 402	14 807 533	14 274 952	15 000 000
03 Barnehage	16 341 196	17 547 075	17 582 857	16 436 565	17 000 000
04 Skule	41 663 413	44 261 250	48 389 207	44 392 087	44 500 000
05 Helse	10 103 623	9 346 911	10 922 452	10 542 150	10 500 000
06 Sosial og barnevern	4 885 734	4 158 934	4 443 858	4 911 011	4 500 000
07 Pleie og omsorg	47 655 458	48 313 063	49 361 566	48 287 880	49 000 000
08 Kultur	6 027 919	6 216 392	6 647 291	6 533 314	6 500 000
09 Kyrkja	3 678 218	3 588 350	3 586 511	3 435 000	3 500 000
10 Teknisk	8 831 067	11 871 771	12 635 874	8 903 306	9 000 000
11 Andre tenesteområder	-7 721 036	-9 893 336	-21 908 749	-2 669 221	-8 800 000
Sum overført til 1A	149 307 371	151 858 918	148 754 600	157 202 082	153 200 000

Investeringsramme følger av salderingsaka, KS sak 11/2019 –

BUDSJETTSKJEMA 2B - INVESTERING

	2019	2020	2021	2022
Investering i anlegg	38 650 000	56 950 000	6 150 000	6 150 000
IKT- OG EDB INVESTERINGAR	500 000	500 000	500 000	500 000
NORDBYGDA SKULE - UTBETRING TAK	1 000 000			
NORDBYGDA SKULE - VENTILASJON	1 300 000			
MASFJORDEN SJUKEHEIM - SIGNALANLEGG	500 000			
KOMMUNALE BYGG		3 300 000	3 300 000	3 300 000
MATRE SKULE - RINGEANLEGG/BRANNVARSLING	300 000			
SANDNES SKULE - REHABILITERING	200 000			
Omsorgsbustadar med tilknyta aktivitetssenter Hosteland	32 500 000	17 400 000		
FENSFJORDBYGG		33 400 000		
KOMMUNALE VEGAR		1 000 000	1 000 000	1 000 000
KOMMUNALE VEGAR - bru Stordalen/asfaltering Matre	1 000 000			
BUSTADFELT TILRETTELEGGING	750 000	750 000	750 000	750 000
VASSFORSYNING	600 000	600 000	600 000	600 000
	38 650 000	56 950 000	6 150 000	6 150 000

men med justering av omsorgsbustadar Hosteland, mindre sum i 2019 og meir i 2020, samt ut med tilskot i 2019 og inn med tilskot i 2020. Signalanlegg/VFT frå 500.000 brutto til 2 mill.kr., men uendra netto i investeringsbudsjettet.

Investeringsplan 2019-2022 er ambisiøs, og 2 store prosjekt ligg i sjølve investeringsbudsjettet, i form av omsorgsbustadar/dagsenter Hosteland (med 49,9 mill.kr. brutto) & Fensfjordbygg 33.4 mill.kr., medan 2 andre ligg i driftsbudsjettet, satsing Masfjordsambandet (som er eit regionalt ansvar) og løyving med 40 mill.kr. (i 2012 kr)

Masfjordsambandet - løyving av egne midlar til prosjektet jf. vedtak i Masfjorden kommunestyre den 31.05.2012, KS-045/12 VEDTAK:

KS-045/12 VEDTAK:

- 1. Masfjorden kommune går inn med 40 mill.kr. som eigenfinansieringsdel Masfjordsambandet.**

og fiber (kor kommunen går inn med tilskot, og ikkje eigar), med omlag 12 mill.kr.

Desse investeringane vil auke lånegjelda og bruk av fond, som vil gå utover driftsrammene i åra framover. Usikkerheit kring kraftinntektene og rapport ekspertutval 1.10.2019 gjer at driftsrammene framover er usikre.

Konklusjon

Tilrå at rammer innarbeidd i framlegg til vedtak og saksutgreiinga elles vert vedteke som grunnlag for budsjettarbeidet 2020 og økonomiplan & handlingsplan 2020-2023.



Kommunane i Hordaland og
Sogn og fjordane

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143
Kåre Træen, 57643004
Marit Lunde, 57643005

Revidert nasjonalbudsjett 2019 og kommuneopplegget for 2020

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til revidert nasjonalbudsjett 2019 og kommuneopplegget for 2020, jf. Prop. 113 S.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2019

Deflator

Kostnadsdeflatoren for kommunesektoren i 2019 er justert opp frå 2,8 prosent i statsbudsjettet til 3,0 prosent i revidert nasjonalbudsjett :

	statsbudsjettet	revidert NB
lønsvekst	3,25 prosent	3,2 prosent
prisvekst varer og tenester	2,0 prosent	2,65 prosent
kostnadsdeflator	2,8 prosent	3,0 prosent

Løn tel i underkant av 2/3 i deflatoren.

Det er auka prisvekst på varer og tenester som gjer at den samla kostnadsveksten no er pårekna å bli høgare enn i statsbudsjettet. Kostnadene for kommunesektoren er pårekna å bli kr 1,0 mrd. større enn lagt til grunn i statsbudsjettet, fordelt med om lag kr 0,8 mrd. på primærkommunane og kr 0,2 mrd. på fylkeskommunane.

Skatteinntekter

I revidert nasjonalbudsjett er pårekna skatteinntekter for primærkommunane justerte opp med om lag kr 1,35 mrd. Pårekna skattevekst i prosent for primærkommunane i år blir med dette justert frå 0,4 prosent til 1,2 prosent.

Investeringsstilskot omsorgsplassar

Det er framlegg om å utvida løyvinga i år for investeringstilskot til heildøgns omsorgsplassar. Det har også i år vore stor søknadsinngang for å få investeringstilskot. Utvidinga i løyvinga vil gi grunnlag for å kunne gi investeringstilskot til om lag 900 fleire heildøgns omsorgsplassar enn

lagt til grunn i statsbudsjettet. Løyvinga i statsbudsjettet gav grunnlag for investeringstilskot til om lag 1500 plassar.

Dette vil også omfatta rehabilitering av eksisterande gamle plassar. Halvdelen av den nye utvida ramma vil i år vera sett av til netto vekst i talet på plassar og halvdelen av ramma til rehabilitering.

Tilskotssatsane av godkjent investeringsgrunnlag er uendra, det vil seie 55 prosent for sjukeheimplassar og 45 prosent for omsorgsbustader med heildøgns omsorg.

Kompensasjon for reduksjon i eigedomsskatt

Frå og med 2019 er eigedomsskattegrunnlaget endra. Produksjonsutstyr og installasjonar skal ikkje lenger vera med i grunnlaget for eigedomsskatt. Det er lagt opp til ein overgangsperiode med gradvis opptrapping av inntektstapet og kompensasjon over sju år.

Inntektstapet er rekna samla for kommunane til kr 730 mill. på årsbasis etter sju år. Det er lagt opp til ein samla kompensasjon på kr 500 mill. på årsbasis etter sju år. Det inneber ein kommunal eigendel. I 2019 vil samla kompensasjon vera kr 71 mill. (1/7 av kr 500 mill.). Den kommunale eigendelen er førebels rekna til kr 16,- per innbyggjar for 2019, aukande til mellom kr 110,- og kr 120,- per innbyggjar etter sju år.

Den kommunale eigendelen på kr 16,- for 2019 kan endra seg når departementet (KMD) har eit fullstendig talgrunnlag med alle kommunane som er omfatta. Departementet kjem til å senda ut informasjon om fordelinga etter at Stortinget har vedteke revidert nasjonalbudsjett.

Kompensasjon for endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar

Det er frå 1.januar 2018 gjennomført endringar i regelverket for arbeidsavklaringspengar. Førebelse tal for 2018 syner at endringa har medført ein auke i dei samla utbetalingane av økonomisk sosialhjelp for kommunane i 2018 på om lag kr 90 mill.

Det er på denne bakgrunn framlegg om ei auka løyving på kr 90 mill. for å kompensera kommunane for pårekna meirutgifter til økonomisk sosialhjelp i 2019.

Kommuneopplegget for 2020 - generelt

Det er gitt signal om ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane på mellom kr 1,0 mrd. og kr 2,0 mrd. frå 2019 til 2020. Veksten er rekna frå det inntektsnivået for i år som no er lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Den pårekna inntektsveksten er realauke. Priskompensasjon frå 2019 til 2020 vil difor koma som eit tillegg i inntektene. Prisindikatoren som blir nytta til priskompensasjon, vil bli kjent i statsbudsjettet til hausten.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskotet kjem også som eit tillegg til realauken i dei frie inntektene.

Dersom det pårekna inntektsnivået for i år er endra når statsbudsjettet blir lagt fram i oktober, vil også inntektsveksten bli justert i samsvar med dette.

Skatteøyret blir fastsett i statsbudsjettet til hausten for å tilpassa skatteveksten til målsetjinga om at skatteinntektene skal utgjera om lag 40 prosent av kommunane sine samla inntekter.

Pårekna meirutgifter i 2020 knytt til den demografiske utviklinga er om lag kr 1,7 mrd. for primærkommunane. Av dette er kr 1,3 mrd. knytt til tenester som blir finansierte av dei frie inntektene for primærkommunane.

Pårekna vekst i pensjonskostnadene for 2020 for kommunesektoren er samla kr 450 mill. lågare enn det som blir kompensert gjennom prisjustering av inntektene (deflatoren). Det er stor uvisse knytt til dette overslaget. Det kan bli fordelt med om lag 90 prosent på primærkommunane og om lag 10 prosent på fylkeskommunane.

Det låge rentenivået over tid har bidrege til den veksten som har vore i pensjonskostnadene.

Innlemming av øyremerkte tilskot i rammetilskot

Regjeringa vil i statsbudsjettet for 2020 gjera framlegg om å innlemma fleire øyremerkte tilskot i rammetilskotet. Dette er blant anna:

- tilskot til psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- tilskot til dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- tilskot til etablering og tilpassing av bustad
- tilskot til tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnsats på 1. - 10. trinn

Det sistnemnde tilskotet vil bli gitt ei særskilt fordeling innafor rammetilskotet i 2020.

Regjeringa tek sikte på over tid å avvikla fleire øyremerkte tilskot og redusera omfanget av øyremerking. Dessutan vil kompensasjonsordninga for renter og avdrag frå Handlingsplanen for eldre, vertskommunetilskotet og rentekompensasjonsordningane for skule- og symjeanlegg gradvis bli trappa ned og avvikla.

Kommunereform

Eingongstilskot

I kommunereforma 2014 - 2017 vart det gitt to eingongstilskot ved kommunesamanslåing, etter standardiserte modellar. Det eine tilskotet vart gitt for eingongskostnader og utbetalt i 2017 etter at Stortinget hadde gjort vedtak om samanslåingar. Det andre eingongstilskotet blir gitt som reformtilskot og kjem til å bli utbetalt etter at samanslåingane har vorte sette i verk. Det vil seie i 2020.

I det vidare arbeidet med kommunestruktur og samanslåingar er det lagt opp til at tilskot for eingongskostnader og reformtilskot blir gitt som eit felles tilskot med felles tidspunkt for utbetaling. Eingongstilskotet blir utbetalt når samanslåing er stadfesta med nasjonalt vedtak. Tilskotsbeløp blir gitt etter ein standardisert modell, på grunnlag av talet på kommunar og innbyggjarar i samanslåinga :

I kroner	0 - 14999 innb.	15 - 29999 innb.	30 - 49999 innb.	Over 50000 innb.
2 kommunar	25 mill.	35 mill.	40 mill.	50 mill.
3 kommunar	35 mill.	45 mill.	50 mill.	60 mill.
4 kommunar	45 mill.	55 mill.	60 mill.	70 mill.
5 kommunar	55 mill.	65 mill.	70 mill.	80 mill.

Utbetaling av eingongstilskot vil for nye samanslåingar bli utbetalt etter kvart når vedtak om samanslåingar er gjort. Tilskot vil ikkje bli gitt innan tidsfristar, slik som i kommunereform 2014 - 2017.

Inndelingstilskot

Årlege inndelingstilskot for nye samanslåingar vil bli utrekna etter same prinsipp som for allereie vedtekne samanslåingar frå reformperioden 2014 - 2017. Årlege inn-delingstilskot vil erstatta bortfall av basistilskot og eventuelt bortfall av småkommunetillegg/-reduksjon distriktstilskot som følgje av samanslåing. Den nye kommunen vil ta imot fullt inn-delingstilskot i femten år etter samanslåing, før tilskotet deretter blir trappa ned over fem år. Tilskot blir tillagt årleg priskompensasjon.

For allereie vedtekne samanslåingar i kommunereform 2014 - 2017 vil det årlege inndelings-tilskotet, som blir utbetalt frå og med iverksetjing av samanslåing i 2020, vera basert på inntektssystemet i 2016. Det vil seie før endringane i inntektssystemet i 2017. Basistilskotet i 2016 var kr 13,2 mill. per kommune. For nye samanslåingar vil inndelingstilskotet bli berekna på grunnlag av inntektssystemet i det året samanslåinga trer i kraft.

Regionsentertilskot

Det er lagt opp til å vidareføra regionsentertilskotet. Dette omfattar både kommunesamanslåingar som er vedtekne og blir sette i verk frå 1. januar 2020 og nye framtidige kommunesamanslåingar. Vilåret er at ny kommune får over om lag 8000 innbyggjarar.

Noverande tilskot blir fordelt med ein lik sats per innbyggjar (40 prosent av ramma) og ein lik sats per samanslåing (60 prosent av ramma).

Andre tilskotsordningar i kommunesamanslåingar er støtte til utgreiingar etter ein modell frå departementet, og støtte til informasjon og folkehøyeringar.

Skjønstilskot

Basisramma blir fordelt av fylkesmennene mellom kommunane.

Basisramma for skjønstilskot til kommunane for heile landet blir redusert frå kr 1000 mill. i 2019 til kr 950 mill. i 2020. Reduksjonen på kr 50 mill. blir overført til kommunane sitt innbyggjar-tilskot i inntektssystemet og i staden fordelt etter dei faste kriteria.

Det kan for 2020 også bli endring i fordelinga av ramma mellom fylkesmennene.

Overgangsordninga INGAR tek ikkje omsyn til endringar i skjønstilskot.

Skjønsmidlar knytte til kommunesamanslåing

a)Fylkesmannen sine skjønsmidlar i 2020

Det er gitt signal om at fylkesmennene bør ta omsyn til utilsikta negative verknader på rammetilskotet som følgje av kommunesamanslåing. Fylkesmennene må vurderer slike verknader i samband med fordelinga av ordinære skjønsmidlar mellom kommunane. Verknader kan vera reduksjon i utgiftsutjamninga, til dømes knytt til busetjingskriterium (sone og nabokrets) eller opphopingsindeks, og andre særskilte tilhøve.

Dei faktiske verknadene av samanslåing vil i hovudsak først vera kjende etter at statsbudsjettet er lagt fram i oktober. Fylkesmannen må difor ta høgde for dette når den ikkje fordelte delen av skjønssramma til kommunane blir bestemt i samband med statsbudsjettet. Det må vera rom for å kunne ta omsyn til negative utilsikta verknader etter at statsbudsjettet er lagt fram, eventuelt i løpet av 2020, innafor den skjønssramma som fylkesmannen disponerer.

Etter departementet si vurdering er eventuelle negative verknader på utgiftsutjamninga først og fremst knytt til busetjingskriterium og opphopingsindeks. Departementet vurderer dei pårekna negative verknadene som små for dei aller fleste kommunane.

b)Departementet (KMD) sine skjønsmidlar i 2020

Departementet vil ha ein reserve av skjønsmidlar på kr 120 mill. for 2020. Desse midlane kan nyttast til å gi kompensasjon for reduksjon i veksttilskot som følgje av kommunesamanslåing. Ny større kommune vil ha lågare vekst i prosent samanlikna med det ein eller fleire kommunar i samanslåinga ville hatt om dei framleis var kvar for seg. Det vil seia at grunnlaget for veksttilskot blir lågare eller fell bort som følgje av samanslåinga.

Berekningsgrunnlaget for kompensasjon i 2020 vil vera reduksjonen i veksttilskot frå det kommunane samla ville fått i veksttilskot dersom dei framleis var kvar for seg, til det den nye kommunen faktisk får i veksttilskot. Det siste kan vera null i tilskot.

Kompensasjonen i 2020 vil vera 80 prosent av dette berekningsgrunnlaget. I 2021 vil det same berekningsgrunnlaget som for 2020 bli nytta. Kompensasjonen i 2021 vil vera 40 prosent av dette berekningsgrunnlaget. Kompensasjonen blir teke heilt bort i 2022.

Inntektssystemet

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er 60 prosent av skilnaden mellom kommunane sitt skattenivå og gjennomsnittleg skattenivå for landet. Tilleggskompensasjonen er 35 prosent av det skattenivået er under 90 prosent av landsgjennomsnittet. Kompensasjonsgraden blir vidareført som i noverande inntektssystem.

Overgangsordninga INGAR

Overgangsordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet med meir negativt avvik enn eit fastsett beløp per innbyggjar (grenseverdien) frå landsgjennomsnittet, frå eit år til det neste. Grenseverdien for kompensasjon er no kr 400,- per innbyggjar. Det vil m.a.o. vera den delen av utviklinga i rammetilskot frå det eine året til det neste året som er meir enn kr 400,- per innbyggjar svakare enn landsgjennomsnittet som blir kompensert.

INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjøntilskot. INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerkte tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar, endringar i kriteriegrunnlaget (t.d. talet på eldre og psykisk utviklingshemma), bortfall av småkommunetillegg og nedgang/bortfall distriktstilskot.

Telletidspunkt

Telletidspunkt for innbyggjartal og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga vil vera 01.07. i år som grunnlag for rammeoverføring i 2020. For inntektsutjamninga i 2020 er telletidspunktet innbyggjarar per 01.01.2020. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling blir telletidspunktet 01.01.2019 for rammeoverføring i 2020.

Veksttilskot

Veksttilskotet blir gitt til kommunar som har hatt ein årleg befolkningsvekst dei siste tre åra høgare enn ei vekstgrense i prosent (gjennomsnitt per år). I 2019 er vekstgrensa 1,4 prosent.

Veksttilskotet blir gitt med eit fastsett beløp per innbyggjar utover vekstgrensa.

Distriktstilskot utanom småkommunetillegg

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsmessig utvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Småkommunetillegg

Småkommunetillegget blir gitt til kommunar med under 3200 innbyggjarar. Tilskotet er frå og med 2017 gradert på grunnlag av distriktsindeks. Jo høgare distriktsindeks, jo høgare trekkprosent i høve til fullt tilskot. Dei kommunane som har lågast indeks får ikkje noko trekk i høve til fullt tilskot.

Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet, i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Distriktsindeks

Departementet legg opp til at den same distriktsindeksen som ble brukt i inntektssystemet for 2019 også blir brukt ved fordelinga av distriktstilskot og småkommunetillegg i 2020.

Utgiftsbehov

Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane få full kompensasjon for skilnader i kostnader som dei ikkje sjølve kan påverka. Grunnlaget for omfordelinga i utgiftsutjamninga er utgiftsbehovet per innbyggjar for landsgjennomsnittet og for den einkilde kommune.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent



Masfjorden kommune,
Austfjordvegen 2724,
5981 MASFJORDNES

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

MASFJORDEN KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2019 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 13. desember 2018. Budsjett og økonomiplan er justert i kommunestyremøte 25. mars d.å., sak 011/2019.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til ein reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 45.098.000,- i skatt på eige og inntekt for 2019, etter budsjettjustering. I tillegg er det budsjettert med naturressurskatt, kr 11,0 mill.

I 2018 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 3,8 prosent. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 0,4 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2018 var 104,0 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Inntektsprognosen for 2019 er no oppdatert med innbyggjartal per 01.01.2019 og innkomen skatt i 2018. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vera innbyggjartal per 01.01.2019. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2018.

I justert budsjett er dei frie inntektene kr 130,9 mill., som består av ordinær skatt på eige og inntekt, naturressursskatt og statleg rammetilskot. Budsjetterte inntekter er i samsvar med den siste inntektsprognosen.

Eigedomsskatt

I revidert budsjett for 2019 er eigedomsskatten innarbeidd med kr 19,9 mill. Innkomen eigedoms-skatt i 2018 var om lag kr 19,5 mill.

Eigedomsskatten for 2019 er vedteken med sju promille på «kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum», med heimel i eigedomsskattelova § 3 bokstav c.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i statsbudsjettet 2,8 prosent. I dette inngår pårekna lønsvekst med 3,25 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vera at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når for-midlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Fylkesmannen rår kommunane til at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr 5,5 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån).

Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået for ordinære avdrag.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær, bli ført i investeringsrekneskapen.

I budsjettet er det eit netto driftsunderskot med kr 2,9 mill. Dette er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond. Det bør vera ei målsetjing at det faktisk blir eit netto driftsoverskot i år.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vera noko høgare enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å kunne handtera svvingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Årsrekneskapen for 2018 er førebels ikkje revidert. Netto driftsoverskot i førebels rekneskap for 2018 er kr 15,7 mill. Det utgjer 6,3 prosent av driftsinntektene for 2018. Netto driftsoverskot i 2018 blir i hovudsak sett av til å styrka disposisjonsfondet.

Ekstraordinær utbetaling frå havbruksfondet til kommunen i 2018, kr 10,3 mill., er ei viktig årsak til det positive resultatet for 2018.

Kommunen hadde disposisjonsfond ved utgangen av 2018 med om lag kr 55,6 mill. Dette utgjer om lag 22 prosent av driftsinntektene, basert på førebels rekneskap 2018.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

I budsjett for 2019 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 38.750.000,-. Den største investeringa er bygging av omsorgsbustader på Hosteland. Investeringa i omsorgsbustadene utgjer kr 32,5 mill. av investeringane i budsjettet.

Investeringane er planlagde finansierte med bruk av lånemidlar, kr 14,5 mill. Resten av investeringane er i hovudsak planlagde finansierte med momskompensasjon og statleg investerings-tilskot. Investeringstilskot vil først bli utbetalt i år 2020 når omsorgsbustadene er venta stilt ferdige.

I tillegg kjem låneopptak til vidareutlån med kr 3,0 mill. Eigenkapitalinnskot KLP, kr 650.000,-, blir finansiert med bruk av fond og utan lån, slik det er lagt til grunn i regelverket.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det til-svarande talet for kommunen er kr 41.739,-.

Kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 er i førebels rekneskap om lag kr 69 mill., eller om lag kr 39.900,- per innbyggjar.

Kommunestyret har tidlegare vedteke at årlege låneopptak ikkje skal vere større enn dei årlege ordinære avdraga i driftsbudsjettet. Denne handlingsregelen står ved lag.

I samråd med Fylkesmannen vart det opna for å kunne ta opp større lån for å finansiera dei nye omsorgsbustadene på Hosteland. Omsorgsbustadene vil vera sjølvfinansierande gjennom statlege investeringstilskot og leigeinntekter.

Kommunen bør likevel halde fast på handlingsregelen om ikkje å ta opp større lån årleg enn det kommunen betaler i ordinære avdrag. Det er viktig at kommunen over tid har eit moderat gjelds-nivå. Nye investeringar bør bli finansierte med driftsmidlar, eventuelle tilskot, fond og lån avgrensa i samsvar med den nemnde handlingsregelen.

Oppsummering

I budsjettet er det eit netto driftsunderskot. Det bør vera ei målsetjing at det faktisk blir eit netto driftsoverskot i år.

Kommunen bør halde fast på handlingsregelen om ikkje å ta opp større lån årleg enn dei årlege ordinære avdraga. Det er viktig at kommunen over tid har eit moderat gjeldsnivå og unngår stor gjeldsbelastning.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
assisterande fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Gjenpart :
Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalstø
Regionrådet Nordhordland IKS, sekretariatsleiar, Postboks 13, 5902 Isdalstø

Rammer for årsbudsjett 2020 & økonomiplan for 2020 – 2023

Budsjettprosess,

Dato	Tema	Ansvarleg
Juni	Rammesak budsjett/øk.plan Som byggjer på;	Rådmann
	<ul style="list-style-type: none"> • rekneskapen/årsmelding 2018 • 1. tertialrapport 2019 • Kommuneproposisjonen 2020 • Innspel frå driftseiningane 	
juni	Fastsetjing rammer til budsjett / ramme økonomiplan	Kommunestyret
juni	Orientering om fastsette rammer til budsjett overfor driftseiningane/HTV. inkl. orienteringsskriv til budsjettansvarlege om budsjettprosessen og ramme	Rådmannen
29.august	Dialogmøte mellom formannskap/leiarane i samband med budsjettsaka – knytt primært til 3 hovudtema;	Ordførar
	<ol style="list-style-type: none"> 1. skule og budsjettbalanse,rammevilkår 2. driftsmessige konsekvensar for helse, PLO og Nordbygda barnehage av at kommunen går inn i Fensfjordbygg – berre sjølv kjøp av deler av bygget innarbeidd i økonomiplan 3. teknisk – miljø og landbruk, organisering og budsjettbalanse 	
Innan 1.9.	Utarbeiding av budsjettframlegg med konsekvensvurdering av tildelt ramme	Driftseiningane
innan 6.september	Utarbeiding av samla budsjettframlegg i dialog med driftseiningane	Rådmann
september	Budsjetthandsaming	Formannskapet
15.oktober	Budsjettsaka 2020 klar til politisk handsaming	Rådmann
21/28.okt	Tilråding og vedtak av årsbudsjettet 2020 og økonomiplan 2020-2023	FS/Kommunestyret
november	Budsjetthandsaming Formannskapet's innstilling vert lagt ut til offentleg ettersyn	Formannskapet Innbyggjarane m.fl.
1x.12.	Endeleg vedtak av årsbudsjettet og økonomiplan	Kommunestyret

Budsjettet er offentleg etter at rådmann har lagt fram forslag til årsbudsjett, som skal skje innan den 15. oktober